

2014/1

Referat frå leiarmøte 11.03.2014

Til:

Arne Johan Nærøy, Tor Vestrheim, Mari Høgestøl, Håkan Petersson, Inger Marie Egenberg, Kristin Armstrong Oma

Kopi:

Karstein Dalaker, Aud-Rigmor Eltervåg, Eli-Christine Soltvedt, Eva Nord, Helge Sørheim, Tore Helge Olsen, Svanlaug Takle

Til stade:

Arne Johan Nærøy, Tor Vestrheim, Mari Høgestøl, Håkan Petersson, Inger Marie Egenberg, Kristin Armstrong Oma

Dato: 11.03.2014

Tid: 08.30

Stad: Direksjonsrommet, AM

Saksliste

1. Referat fra forrige møte

Referatet vart godkjent med ei endring under Eventuelt: «Frøet vurderes kjøpt inn av investeringsmidler.»

Endring i referat frå 18.02.14, punkt 3. «100 000 fordeles med frist i midten av mars.»

2. Møte med Arbeidstilsynet 23.04.14

Tor undersøker formålet med besøket. Leiargruppa set av dato og tidspunkt for møtet, og avventar korvidt det er naudsynt å bli med på tilsynsrunde. Inger Marie informerte om at i sambandet med arbeidet med domkyrkja så er det eit HMS krav om at tilsette skal bera ID-kort frå arbeidstilsynet. Slike kort vert bestilt.

3. Møte i UHR museumsutvalget – sakslisten

Arne Johan orienterte om møtet. Mari orienterte om notat som foreslår at arkeologi vert underlagt KD heller enn MD. Vidare orienterte ho om diskusjon kring animalosteologi på DAM. Det er behov for ein intern diskusjon om dette emnet.

4. Møte i universitetsstyret – sakslisten

Arne Johan orienterte. Viktige saker er årsrapport og planarbeid, samt budsjett og tildeling. AM ligg midt på treet i forhold til budsjettutvikling ved UiS.

5. Orientering om budsjettarbeid for nybygg

Arne Johan og Einar jobbar med overordna budsjettforslag, som vil bli presentert for leiargruppa og diskutert så snart det er klart. Arne Johan oriinterte om status til nybygget, Statsbygg har kalt inn til møte for siste behandlingsrunde før forprosjektet er fullført til behandling i forbindelse med statsbudsjett. Frist er no 1. mai.

6. Behov for vitenskapelig utstyr – foreløpig liste

Behov for å samla saman heile lista og prioritera. Innkjøp av datamaskin til Theo, samt to andre datamaskinar. Ynskje om nytt pollen-mikroskop. Inger Marie foreslo at det er behov for å få oversikt over innkjøp dei siste åra.

7. Orientering om aktuelt fra avdelingene

Tor orienterte om byggearbeidet i administrasjoner. Framdrifta følger planen.

Mari orienterte frå DAM. Det er nedsett ei gruppe bestående av ein representant for kvart museum som jobbar for å samkøyra handsaming av detektorfunn og evt finnarlønn. Andre aktuelle saker som vart diskutert var budsjetteringa til musea, og korvidt det er eit behov for å samkøyra budsjettering.

Håkan orienterte om komande feltsesong, som starter i desse dagar. Per i dag ligg det an til å bli fleire prosjekt enn budsjettet. Han jobbar med å få tilstrekkeleg feltpersonell. Han orienterte og om at det stadig kjem forespørslar om

eksterne oppdrag innan naturvitenskap, men at museet slit med å få utført desse grunna bemanningssituasjonen og mengda av interne oppdrag.

Inger Marie orienterte om restaureringa av domkyrkja og arbeidet med å utforma anbud, samt møte om formidlingsstrategi med arkitektane, Britta Goldberg (prosjektleiar) og AM. Ho informerte om eit kurs i røntgen som skal haldast ved museet i mai.

Kristin orienterte om arbeidet med ei ny rune-utstilling (Brytning), utviklinga av konseptet funnhistoriar, og utviklinga av ein såldestasjon som skal stå i hagen.

Eventuelt

Håkan informerte om at Marianne er sjukemeldt og at det er behov for at nokon tek over redaksjonsutvalet. Arne Johan spør om Einar kan ta over så lenge Marianne er sjukemeldt.

Forslag frå konserveringsavdelinga om å restaurera krusifiks frå domkyrkja i området der Landa-modellen står. Kristin snakkar med Anne om korleis dette skal gjerast. Kan vera mogleg å betala for tilrettelegging av arbeidsplass med formidlingsrelaterte investeringsmidlar.

Stavanger, 13.03.2014

Kristin Armstrong Oma
Avdelingsleiar formidling